



Årsmelding Hafslø IL 2024



Innhald

Sakliste til årsmøtet 2025	3
Årsmelding frå styret i Hafslo IL.....	4
Årsmelding frå stadionstyret	11
Årsmelding hoppgruppa.....	13
Årsmelding alpint og friski	15
Årsmelding fotballgruppa	17
Årsmelding barneidrett.....	21
Årsmelding trimgruppa	23
Årsmelding handballgruppa	25
Årsmelding langrennsgruppa	26

Sakliste til årsmøtet 2025

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Val av møteleiar og skrivar
5. Val av to medlemar til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmelding frå gruppene
8. Rekneskap inkl. økonomimelding frå styret og melding frå kontrollutvalet
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Budsjett 2025
11. Organisasjonsplan Hafslo IL
12. Innkomne saker
13. Val

Oppdatert sakliste med aktuelle saksdokument og årsmelding for 2024 vert gjort tilgjengeleg på nettsida vår, www.hafslo-il.no, seinast torsdag 6. februar 2025.

Vel møtt til årsmøte for Hafslo IL på Eikum Hotell torsdag 13. februar 2025 kl. 19!



Årsmelding frå styret i Hafslo IL

Styret

Leiar: Ove Midtbø

1.nestleiar/økonomikontakt: Birthe Johanne Fredheim Finstad

2.nestleiar/medlemsansvarleg: Erna Hamrum

Styremedlem: Signe Rauboti

Styremedlem: Sondre Henjum Bremer

Styremedlem: Styrk André Hofslundsengen

1. varamedlem: Arthur Bremer Brynjulfsen

2. varamedlem: Anne Perlaug Fossøy

Ungdomskontakt: Synnøve Røneid

Særgruppene

Fotballgruppa

Leiar*: Øyvind Åsarmoen Møller

Medlemer: Karita Nes, Norill Terese Norheim, Jan Erik Røneid, Tormod Tysse Tuften, Ann Kristin Torgersen, Åge Ruud (materialansvarleg), Nils Petter Solheim, Tonje Grønstad

*Leiar ikkje vald på årsmøtet 29.02.24, men vald av styret i fotballgruppa vår 2024

Trimgruppa

Leiar: Terje Brunborg

Medlemer: Monica Heggstad, Kjell Arild Høyum, Ragnhild Borge Olsen

Hoppgruppa

Leiar: Jon Ove Lomheim

Medlemer: Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Ole Johnny Sie, Håvard Ese Eliassen, Magne Olsen

Barneidrettsgruppa

Leiar: Ida Ur Haugen

Medlemer: Anne Øvretun Ølnes, Lene Madsen

Handballgruppa

Leiar: Monika Alvestad Reime

Alpint- og friskigruppa

Leiar: Lars Olav Halleråker

Medlemer: Ann Helen Liljedahl, Wenche Aspelund Linde, Nils Petter Solheim, Lars Håkon England

Langrennsgruppa*

Leiar**: Terje Fardal

Medlemer: Per Fridolf Hillestad, Irene Barca Fardal**

*Vald som langrennsnemnd på årsmøtet 29.02.24, men omgjort til eiga gruppe etter årsmøtet

**Ikkje valde på årsmøtet 29.02.24, men kom inn som leiar og medlem like etter årsmøtet

Orienteringsnemnd

Kontaktperson: Ove Oklevik

Stadionstyret

Leiar: Tore Ørbeck

Medlemer: Bjarni H. Valsson, Birger Moene, Rolf Johan Stranden

Lerum cup-nemnd

Ove Midtbø (frå hovudstyret), Karita Nes (frå fotballgruppa), Tore Ørbeck (stadionstyret), Lars Olav Halleråker (frå skigruppene)

Kiosknemnd: Karita Nes, Erna Hamrum, Ann Kristin Torgersen, Ann Elisabeth Skjerven, Tonje Grønstad

Marknadsnemnd

Ove Midtbø (frå hovudstyret), Erna Hamrum (frå hovudstyret), Ann Elisabeth Skjerven, Stine Solvi, Bjarne Venjum, Tonje Grønstad

Friidrettsutval

Trimgruppa

Skøyteutval

Per Ivar Lomheim

Kontrollutval

Gerd Westby, Hermann Odd Stein

Luster idrettsråd

Ove Midtbø (medlem/leiar), Jon Ove Lomheim (styremedlem), Geir Arne Kvam (leiar kontrollutvalet), Erna Hamrum (valnemnd)

Nemnd for fleirbrukshall Hafslø

Eirik Hoem, Jone Solberg Vik*

* Ikkje vald på årsmøtet 29.02.24, men vart med i nemnda våren 2024

Nemnd for stolpejakt Luster kommune

Terje Brunborg (representant for trimgruppa), Ove Midtbø (hovudstyret/Luster idrettsråd)

Hestesportsnemnd Hafslø IL

Svein Solheim, Harald Hess

Kajakknemnd Hafslø IL

Hovudstyret

Valnemnd

Hovudstyret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2024.

Møte og saker

Hafslo IL har hatt sju styremøte der fem av desse har vore utvida styremøte med gruppeleiarane i 2024. Vi har handsama 59 saker på ordinære styremøte i 2024. I tillegg har hovudstyret handsama og gjort vedtak i tre enkeltsaker via e-post. Utanom møta har styret og gruppene hatt dialog per e-post og telefon ved behov gjennom året.

Ove Midtbø representerte Hafslo IL på den ordinære generalforsamlinga til Sogn skisenter 22. april 2024. I tillegg deltok Jon Ove Lomheim, Lars Olav Halleråker og Terje Fardal som styremedlemer i Sogn skisenter.

Ove Midtbø, Jon Ove Lomheim og Erna Hamrum representerte Hafslo IL på årsmøtet til Luster Idrettsråd 13. mai 2024.

Medlemstal

Medlemstalet var på 770 medlemer per 31.12.2024. Det er ein auke på 45 medlemer samanlikna med fjoråret. Av desse var 424 medlemer under 20 år, og 406 medlemer i familiemedlemsskap.

Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund i 2024:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Handballforbund

Økonomisk resultat

Endeleg årsrekneskap for 2024 syner eit overskot på 649 318 kr. Dette skuldast i hovudsak inntekter i samband med Lerum Cup, haustmarknaden og tilskot frå sponsorar, Luster kommune og Norges idrettsforbund.

Trass stort overskot, har vi også i år gjort ein del investeringar på anlegget i Moane, kjøpt inn ein del nytt utstyr og har hatt stor aktivitet.

Drifta i idrettslaget er god og vi har avtale og godt samarbeid og tett dialog med Sogn Rekneskapskontor AS om føring av rekneskapen. Vi får tilsendt månedlege økonomirapportar frå rekneskapskontoret, som gjer at vi har god oversikt og kontroll til ei kvar tid.

Detaljar om rekneskapen for 2024 finn ein i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

Mottekne midlar

Vi har gode og stabile sponsorar som gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre gjennom året.

Avtalen med hovudsponsoren vår **Luster Sparebank** er svært viktig, og Luster Sparebank støttar oss også på andre måtar gjennom året. I tillegg den årlege grunnstøtta, har vi fått ekstra gåvemidlar både til ordinær drift og til hoppanlegget på Sogn Skisenter. Mellom anna sikra restbeløpet frå den store økonomiske gåva vi fekk rett før jul i 2022, at born og unge har fått dekt medlemskap i 2023 og både medlemskap og treningsavgift i Hafslo IL 2024. Dette har vore ei viktig økonomisk støtte som har kome mange av medlemane til gode.

Sponsoravtalen vi har med **NTP Avery Dennison** gir oss også ei viktig grunninntekt. I tillegg får vi god hjelp med bestilling og trykking av sponsormerker på klubbklede våre gjennom året.

Vi har også ein god klubbavtale med **Intersport Sogndal**, der idrettslaget får gode tilbod på klubbklede, andre klede og utstyr gjennom året. Intersport Sogndal sponsa også i år hovudpremien på 6000 kr til haustmarknaden.

Sponsoravtalane er viktige for idrettslaget og medlemene våre. Vi takkar for godt samarbeid med sponsorane våre i 2024, og ser fram til vidare samarbeid i åra som kjem.

I tillegg til støtta frå sponsorane våre, har vi også fått viktige økonomiske tilskot frå andre støttespelarar. Her kan vi mellom anna nemne at vi har fått sponing både frå Hans Nes Bygg AS, Norconsult og Ernst Rune Melheim til hoppanlegget på skisenteret. Vi fekk også ei flott gåve frå Stolpen Butikk i samband med haustmarknaden og markeringa av 90-års jubileet 3. november, der dei sponsa gratis pizza til alle.

Vi får også årleg økonomiske tilskot frå Luster kommune gjennom ordninga med tilskot til kulturføremål, gode økonomiske bidrag frå Norsk Tipping (grasrotandel) og Norges Idrettsforbund (LAM-midlar og mva-refusjon).

Hafslo IL har også mange bedrifter og andre støttespelarar i nærområdet som støttar oss på ulike måtar gjennom året, til dømes med gevinstar til haustmarknaden, skiltreklame i Moane og i samband med ulike dugnadar gjennom året.

Styret vil rette ein stor takk til alle sponsorar og samarbeidspartnarar, støttespelarar og alle andre som har vore med å støtte oss økonomisk og på andre måtar i 2024.

Anlegg

Drift og vedlikehald av anlegget i Moane og kunstgrasbana vert i hovudsak utført av stadionstyret og med dugnadsinnsats frå gruppene og foreldre. I tillegg til den ordinære drifta, har vi i 2024 gjort ein del større utbetringar i Moane. Dette gjeld mellom anna utviding av tilkomstveg og legging av fresa asfalt kring klubbhus og ved kioskbygget. Vi har også investert i ny grasklyppar. For fleire detaljar, viser vi til årsmeldinga frå stadionstyret.

Ved Sogn skisenter har det skjedd mykje i 2024 når det gjeld arbeidet med å gjere rekrutteringsbakkane for hopp om til heilårsanlegg. Her har hoppgruppa med Jon Ove i spissen lagt ned ein enorm dugnadsinnsats gjennom sommaren og hausten. I haust kom det mellom anna på plass heilårsspor i alle dei tre bakkane. Vi viser til årsmeldinga for hopp for fleire detaljar om arbeidet og status for dei tre rekrutteringsbakkane.

Trimgruppa si tilrettelegging av trimpostar og samarbeidet med Hafslo bygdelag og Hafslo sogelag om «stifadderprosjektet», bidreg til flotte turmoglegheiter for medlemene våre. Vi har også oppdaterte orienteringskart/-løyper, som er tilgjengelege for bruk til aktivitetar i regi av gruppene våre gjennom året.

Hafslo IL har elles eit godt samarbeid med Sogn skisenter og Hafslo barne- og ungdomsskule om bruk av anlegg for å legge til rette for aktivitetar i idrettslaget. Vi har gode treningsforhold for alpint, friski, langrenn og hopp ved Sogn skisenter og i gymsalen i samfunnsbygget. Her vil vi også nemne at vi har kjøpt inn ein del nytt utstyr til aktivitet i gymsalen, mellom anna fire spinningssyklar, nedsenkbare tverrliggjarar til handballmåla og trampoline. Etter initiativ frå langrennsgruppa har vi også kjøpt inn brukt sporslede og snøskuter for køyring av skiløyper både på skisenteret og på isen på Hafslovatnet når vêrtilhøva tillét det.

Vi er også engasjert i fleire anleggsprosjekt som er under planlegging og i prosess. Det er sendt inn spelemiddelsøknad for langrennsanlegg (rulleskiløype + snøproduksjonsanlegg) og lysanlegg ved Sogn skisenter. Skisenteret står som søkjar av dette anlegget, med økonomisk støtte frå Hafslo IL og IL Bjørn. Framdrifta av dette anlegget har stått litt på vent, i påvente av å få på plass avtale med grunneigarar om tilgang til areal. Dette er no på plass etter avtaleskjønn på slutten av året, og vi ser fram til vidare dialog og samarbeid med Sogn skisenter om å få realisert anlegget.

Hafslo IL samarbeider også med Sogn skisenter om å få etablert friskianlegg i banktrekket. Dette anlegget ligg inn i anleggsplanen vår, men treng meir planlegging og prioritet i kommunal handlingsplan før det kan sendast inn spelemiddelsøknad for dette.

Vi har også vore engasjert i Luster kommune sine planar om ny fleirbrukshall på Hafslo. Gjennom nemnda for fleirbrukshall og elles, har vi delteke på møte med kommunen og sendt innspel til planarbeidet med områdereguleringsplanen for Hafslo sentrum. Då dette er ein hall som skal tene både idretten, skulen og bygda sitt behov, er plassering og tilstrekkeleg areal spørsmål som har vore diskutert. No er dette prosjektet sett litt på vent i økonomiplanen til kommunen, men dette er ei viktig sak for idrettslaget som Hafslo IL vil følgje med på og engasjere seg i framover.

Hafslo IL er også involvert i fleire anlegg som er etablerte dei siste åra. Vi har mellom anna eit godt samarbeid med skulen, Luster kommune og andre lag og organisasjonar om drift og utvikling av uteområdet ved Hafslo barne- og ungdomsskule med mellom anna grillhytta og kajakknauset. Vi har også samarbeidd med Hafslo sogelag om å få etablert anlegg for hestesportaktivitet på Fluga. Vi er fram til vidare samarbeid med skulen, kommunen og andre lag og organisasjonar om aktivitetar i desse anlegga framover.

Hafslo IL vil takke alle som nyttar anlegga våre, og alle som bidreg med dugnad til drift og vedlikehald av desse. Det er også veldig kjekt å sjå at nye anlegg blir realiserte, og vi rettar ein stor takk for dei som legg ned ein stor innsats for å gjere dette mogleg.

Avgilde tillitsvalde

Luster Idrettsråd: Ove Midtbø – leiar, Jon Ove Lomheim – styremedlem,
Geir Arne Kvam – leiar kontrollutvalet, Erna Hamrum – medlem valnemnd

Styret i Sogn Skisenter: Jon Ove Lomheim – nestleiar, Lars Olav Halleråker – styremedlem, Terje Fardal – styremedlem

Jon Ove Lomheim, skikrinsen, hopp og kombinertkomiteen, leiar
Jon Ove Lomheim, krinsdommar skikrins
Per Birger Lomheim, krinsdommar og Forbundsdommar NSF

NFF Sogn og Fjordane (dommaransvarleg jenter) – Norill Terese Norheim

Avslutning

Hafslo IL har hatt stor og god aktivitet i regi av dei ulike særgruppene i 2024. Vi har aktive medlemmer i alle aldrar og funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg har mange personar vore involvert på vegner av idrettslaget i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Meir detaljar om aktivitetane i 2024 går fram av årsmeldingane frå særgruppene våre.

Aktivitetane våre legg til rette for viktige sosiale møteplassar for mange, særskilt for born og unge, men også for andre. Hafslo IL tykkjer vi har eit godt samarbeid med andre lag og organisasjonar om aktivitetar og møteplassar i bygda, og det set vi stor pris på.

Også i år har vi hatt fotballsamarbeid med IL Bjørn, Fanaråk IL og Kaupanger IL om samarbeidslag på senior- og aldersbestemt nivå, og dette har fungert svært godt. Vi har også samarbeidd med dei andre idrettslaga i kommunen om andre aktivitetar i 2024, til dømes skiaktivitetar, handball og Stolpejakta Luster. Vi ser at dette samarbeidet er viktig for mange lag og grupper, og ser fram til vidare samarbeid om aktivitetar framover.

Aktiviteten i Hafslo IL byggjer i hovudsak på frivillig innsats, og vert gjennomført på ein best mogleg måte innanfor dei rammene vi har. Det er mange som gjer ein stor innsats gjennom året, og foreldreinvolvering er ein viktig faktor for at born og unge skal ha eit godt og variert aktivitetstilbod gjennom året. Vi vil rette ein særskilt takk til alle tillitsvalde i særgruppene, og til alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, oppmenn og andre støttefunksjonar i dei ulike gruppene gjennom året. At nokon tek på seg ulike tillitsverv i idrettslaget, er heilt avgjerande for at idrettslaget kan tilby eit variert og godt aktivitetstilbod. Vi veit det er mange «nøkkelpersonar» som legg ned ein enorm frivillig innsats gjennom året med organisering og gjennomføring av aktivitetar i dei ulike gruppene, og idrettslaget vil rette ein særskilt stor takk til dei dette gjeld.

Det har vore god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene om saker gjennom året, og inntrykket er at særgruppene arbeider godt og sjølvstendig når det gjeld saker i sine grupper.

Lerum Cup 2024 vart igjen eit svært vellukka arrangement. Vêrgudane spelte på lag, og god planlegging, organisering og eit godt samarbeid med Sogndal Fotball og enorm dugnadsinnsats frå mange, sørga for eit godt økonomisk overskot også i år. Arrangementet er ei svært viktig inntektskjelde for idrettslaget vårt, og vi vil takke alle dugnadsfolka som var med og bidrog før, under og etter arrangementet.

Hafslo IL fylte 90 år i november, og dette vart markert på årets haustmarknad søndag 3. november. Særskilt takk til Stolpen Butikk for gåva med sponning av pizza til alle. Det var godt oppmøte på haustmarknaden, som vart ein stor suksess og sørga for eit godt økonomisk overskot. Takk til alle som bidrog med organisering, loddsal og anna dugnad før, under og etter

marknaden. Ikkje minst stor takk til alle bedriftene som sponsa oss med premiar og alle dykk som kjøpte lodd, møtte opp på standane våre og på sjølve marknadssøndagen 3 .november 2024.

Hafslo IL har fleire eldsjeler, og i 2024 fekk Jon Ove Lomheim tildelt Eldsjelprisen av hoppkomiteen i Norges skiforbund for sin dugnadsinnsats i 40 år for hoppporten generelt i skikrinsen og for barneidrett og skihopping i det lokale idrettslaget. Utdelinga skjedde under skiflygingsrennet i Vikersund i mars der han i fleire år også har vore frivillig funksjonær som lengdedommar. Vi gratulerer Jon Ove med velfortent pris, og er takknemleg for innsatsen han har lagt ned, og framleis legg ned, på frivillig basis i idrettslaget vårt.

Elles er det mange som stiller opp og bidreg for Hafslo IL gjennom året og som kunne vore nemnde. Vi set uansett enormt stor pris på innsatsen som vert lagt ned. Styret i Hafslo IL håpar derfor at eit positivt år for idrettslaget i 2024 bidreg til at mange også ønskjer å engasjere seg i åra som kjem. Vi vil igjen avslutningsvis rette ein stor takk til alle som på ulike måtar har vore med og halde aktiviteten i gang i idrettslaget vårt også i 2024!

Styret i Hafslo Idrettslag, 26.01.2025

Årsmelding frå stadionstyret

Styret

Tore Ørbeck (leiar), Birger Moene, Bjarni H. Valsson, Rolf-Johan Stranden



Anlegget i Moane

På grunn av langvarig kuldeperiode kring årsskiftet, fraus vatnet til klubbhuset i Moane. Det vart ført dagleg tilsyn, og dessverre vart det avdekt ein lekkasje på eitt av røyra til vasken på eitt av toaletta på kortsida av klubbhuset når det vart mildvær. Det førte til ein vasskade i klubbhuset. Men dette fekk vi ordna i dialog med forsikringsselskapet i løpet av våren. Før vintersesongen 2024/25 er det sett i verk tiltak for å unngå tilsvarande hending på nytt.

I midten av mars vart det påstrødd om lag 40 sekkar mold for å framskande snøsmeltinga på Hafslo stadion. Jobben med påstrøing vart gjort av Hafslo G13/14 med spelarar og foreldre på dugnad. Dette hadde god effekt også i år, og førte til at grasbana var fri for snø i siste halvdel av april. Eit felt framfor eine målet på kortsida var lenge brunt, som følge av at dette området vart nytta til aktivitet før bana var klar. Det må vi prøve å unngå før neste sesong, med tydeleg informasjon om at bana er stengt for all aktivitet fram til stadionstyret gir klarsignal.

Hafslo stadion vart gjødsla og klargjort til treningar og kampar på vanleg måte. Bana vart teken i bruk til treningar i veke 20 (13. mai), og første seriekampane vart gjennomført i veke 21 (21. mai). Helga før, 18. –20. mai, leigde vi også i år ut Hafslo stadion til Luster Hundeklubb for hundestemne, som vart ein suksess. Det er allereie avtalt ny utleige for hundestemne i månadsskiftet mai/juni 2025.

Etter at anlegget vart fritt for snø har det vore utført mykje arbeid og dugnad på anlegget i Moane. I tillegg til det ordinære stellet av banene, har det vore gjort arbeid med reklameskilt, skifting av målnett m.m. Dette har vore gjort som dugnadsoppdrag. Vi fekk også klarsignal frå grunneigar til å fjerne skog og masse langs vegen frå klubbhuset og ned mot grusbana og parkeringsareala som vert nytta under Lerum Cup, og vi fekk utvida vegen slik at det vart betre oversikt. Vi engasjerte Ernst Rune Melheim til oppdraget, i tillegg til at vi fekk lagt fresa asfalt rundt klubbhuset og ved kioskbygget bak tribuna. Dette var svært gode tiltak og investeringar med tanke på trafikkavviklinga og gjennomføring av Lerum Cup i slutten av juni og andre aktivitetar i løpet av sesongen. Ei svært god, nyttig og etterlengta oppgradering.

Også denne sesongen har vatningsanlegget vore flittig i bruk i dei periodane det har vore lite nedbør. Hafslo stadion krev jamleg vedlikehald, og graset må klyppast minst to gongar i veka gjennom sommaren. Stadionstyret med fleire gjer mykje av arbeidet, men vi vil også særskilt takke Henrik Røneid for jobben han har gjort på anlegget i Moane i 2024. Han har stilt opp etter

avtale, og har sørget for å klippe graset og hjulpet til med andre oppgaver i dialog med stadionstyret gjennom sesongen.

Utstyret i Moane treng oppgradering, og det var stas når Hillestad Traktorservice AS etter ein prosess med innhenting av tilbud frå fleire og godkjenning frå hovudstyret, leverte ny og større grasklyppar med oppsamlar 28. juni! Dette var ei viktig oppgradering med tanke på naudsynt og meir effektivt vedlikehald av Hafslo stadion i åra som kjem.

Dei siste åra har Hafslo IL hatt ein avtale med Sogndal Fotball om ansvar for drift og vedlikehald av deler av treningsfeltet etter Lerum Cup, mot at idrettslaget kan få nytte dette til treningar og kampar ved behov. Vi har hatt eit godt samarbeid med Sogndal Fotball om dette også i år, men sesongen 2024 har Sogndal Fotball både før og etter Lerum Cup stått for det meste av vedlikehaldet på treningsfeltet sjølve. Resultatet er at det stort sett har vore flotte speleforhold i Moane både på Hafslo stadion og treningsfeltet gjennom årets sesong. Tanken var at Sogndal Fotball på grunn av kapasitetsutfordringar i Sogndal skulle nytte Hafslo stadion og treningsanlegget til treningar og kampar. Dette vart i mindre grad aktuelt utover hausten, mest som følgje av manglande lys. Men hausten 2024 har Hafslo IL endeleg fått på plass byggjeløyve for lysanlegget. No ser vi lyst på at lysanlegget på Hafslo stadion kjem på plass før haustsesongen 2025 slik at Hafslo stadion kan nyttast betydeleg lenger både til kampar og treningar haustsesongen 2025.

Kunstgrasbana

Tormod Tufte Tysen fekk låne snøfresar med belte og sørget for fresing av bana i slutten av mars (før påske). Etter dette vart det strødd gummigranulat på bana, og det tok ikkje lang tid før bana var fri for snø. Treningane kunne derfor starte opp like etter påske første veka i april! Det har vore stor aktivitet på kunstgrasbana gjennom sesongen, både til treningar og aldersbestemte kampar. Men den vert også mykje brukt i skuletida og til uorganisert aktivitet elles. Siste organiserte treningane på kunstgrasbana vart gjennomført i november.

Stadionstyret har utført naudsynt vedlikehald med jamne mellomrom gjennom sesongen. Men det er behov for ein del oppgraderingar, mellom anna når det gjeld nett, rekkverk, få på plass metallrister og kostar for å hindre spreining av gummigranulat og skifting av målnett. Dette er tiltak som bør inn i planane og budsjettet for 2025.

Anlegget i Moane og kunstgrasbana krev mykje og regelmessig vedlikehald. Stadionstyret vil takke alle som har bidrege med dugnad og arbeid på anlegga våre i løpet av sesongen 2024.

Hafslo 21. januar 2025
Stadionstyret

Årsmelding hoppgruppa

Styret

Jon Ove Lomheim (leiar), Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Ole Johnny Sie, Håvard Ese Eliassen



Representasjon

Vår- og haustmøte hopp, Skikrinsen: Jon Ove Lomheim og Per Birger Lomheim

Trening og aktivitet

Det er ingen felles treningstilbod for dei aktive hopparane i idrettslaget. Dei tre senior-/veteranhopparane våre reiser individuelt for hopping litt på Voss, men har reist mest til Austlandet. Eilert Engesæter Eliassen, Jens Engesæter Eliassen, Erlend Sie, Ove Fredheim og Jon Ove Lomheim deltok på Skiforbundet si storsamling 8.–11. august i Knyken/Orkanger (med trenarar frå Trønderhopp og hopparar frå hopplandslaget).

Hoppgruppa hadde tilrettelegging av hoppleik på onsdagscupen dei gongene det vart gjennomført. Frå medio januar var det nok snø i nye småbakkane K5-K10 og K20 for hoppleik (trening) torsdagar og laurdag (enkelte veker tysdag i staden for torsdag). Det vart gjennomført tre hoppleik-konkurransar i hoppanlegget (det eine som del av bygdalaget sitt arrangement «Vinterdagen Hafslo»).

I mangel av kapasitet av frivillige instruktørar så vart det ingen basistrening hausten 2024.

Stig Morten Fredheim er hopptrenar for kombinertlandslaget. Dette er stort for hoppgruppa, idrettslaget og bygda, i og med at han starta hoppkarrieren sin i Kvamsbakken.

Resultat året 2024

Ove Fredheim

VM for veteran (Planica K62, 15.02.2024): nr. 3 klasse 55–59 år

VM for veteran (Planica K105, 16.02.2024): nr. 4 klasse 55–59 år

VM for veteran (Planica laghopp 1. lag, 17.02.2024): Norge nr. 2

Jon Ove Lomheim

KM (Bulken K40, Voss): vinnar veteranklassen

KM (Bulken, Voss): krinsmeister kombinert seniorklassen
VM for veteran (Planica K45, 16.02.2024): nr 3 klasse 70–79 år
VM for veteran (Planica Kombinert, 17.02.2024): nr. 1 klasse 70–79 år)

Erlend Sie

KM (Bulken K40, Voss): krinsmeister seniorklassen
KM (Bulken, Voss): vinnar seniorklassen

KM 13–16 år, hoppanlegget K10-K20 (Sogn skisenter):

Klasse 13 år: Ellisiv Sjøthun, krinsmeister hopp
Klasse 13 år: Ylva Gabrielsen Urdahl, krinsmeister kombinert

Anlegg og dugnad

Nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter er eit stort dugnadsprosjekt for ei lita gruppe i laget. I 2024 arbeidde entreprenør E. R. Melheim vidare med grunnarbeid for heilårsanlegg for K5-, K10- og K20 og mykje dugnadsarbeid. Tilløpa i alle tre bakkene er ferdige med heilårsspor. Det står vidare att arbeid med unnarennet og finplanering (tilsåing m.m.) av heile hoppanlegget. På dugnad er det bygt isolert lagerrom som tilbygg til den isolerte bua bygt i fjor. Også i år det gjort stor dugnadsjobb i anlegget med 1354 timar i 2024 (i 2023 vart det registrert 605,5 timar). Tre snikkarar utanfor hoppgruppa har vore gode hjelparar med 363 timar. I tillegg kjem prosjektleiar sin dugnad med planarbeid, prosjektadministrasjon, søknader m.m. Hoppgruppa deltok med dugnadsressursar i Lerum cup i juni, ei fin inntekt for dekning av gruppa sine driftsutgifter.

Oppsummering

Det ligg mykje arbeid for hoppgruppa for realisering av nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter. Dette er ikkje mogeleg utan støtte i idrettslaget, skisenteret, skikrins, kommune, bank og fleire, som så langt har vore positive og såleis held oppe motivasjon for hoppgruppa til å realisera hoppanlegg på skisenteret. Det er viktig å vera i gang med bygging av heilårsanlegg i småbakkane for ny rekruttering til hoppporten, men rekruttering til nytt hoppmiljø i kommunen er ikkje realitet før rekrutteringsbakken K45 også blir bygt.

Til slutt vil hoppgruppa takka Sogn skisenter, drift for samarbeid med både drift i vintersesongen og anleggsarbeid sommarstid med bygging av nytt hoppanlegg.

Jon Ove

Årsmelding alpint og friski

Styret

Vi har eit velfungerande styre samansett av Ann Helen Liljedal, Wenche Aspelund Linde, Nils Petter Solheim, Lars Håkon England og Lars Olav Halleråker. Styret bidreg i ulike delar av treningane både før, under og etter.



Treningar og aktivitet

Treningane har utvikla seg vidare, og vi prøver å balansere kvalitet og kvantitet. Vi ligg på 90–100 deltakarar på kvar trening, med ungar frå 1.–10. klasse. Treningane har framleis eit tydeleg breiddefokus, der vi har tvungen variasjon på treningane. Utøvarane får variert aktivitet gjennom sosial og leiken skikøyring, svingteknikk og friski. Det har vore rundt 20 vaksne som har ivareteke teknisk kvalitet, tryggleik og pedagogisk fokus. Nytt av sesongen er at vi har hatt eit par ungdom på trenarlista, rekruttert frå eigen klubb.

Arrangement og dugnad

Gjennom sesongen har fleire av utøvarane våre vore med og sette preg på ulike arrangement som parallell-slalom, smeltevatn, friskikonkurransar (Rakkar-open) og ikkje minst klubbrenn i gruppeformat. I tillegg til konkurransar har vi framleis hatt påstigingskurs og nybyrjaropplæring i skitrekking saman med skisenteret.

Dugnadsdeltaking er heilt topp på vinterstid når det er på det viktigaste. Resten av året ser vi at det ofte er dei same fjesa som dukkar opp, men at det blir fleire og fleire fjes blant desse. Av dugnad kan nemnast: Lerum cup, polstring, skoging og ulike oppdrag på haustkveld.

Økonomi

Vi har utgifter i form av faste avgifter til Sogn og Fjordane skikrins og leige av Sogn skisenter. Inntekt har vi gjennom dugnad og medlemsavgift.

Utvikling og målsetjing

Skikøyring i overgangen mellom det organiserte og uorganiserte, der målet er at medlemmene vel å drive med denne aktiviteten resten av livet. For å nå dette målet, håpar vi at det å halde aktiviteten variert og dagsaktuell er tilstrekkeleg.

Vi ynskjer å utvikle tilbodet både gjennom å knytte til oss fleire gode trenarar, og ved å skulere trenarane vi har, slik at dei blir tryggare i rolla rundt aktiviteten. Frå 24/25-sesongen har vi starta

internskulering av dei trenarane vi har. Saman med NIF har vi starta eit pilotprosjekt der vi gjennomfører ei barneidrettstrenarutdanning med utgangspunkt i friskiaktivitet. Målet med dette er at dei eldste utøvarane skal finne utfordring i aktiviteten, spesielt om dei ikkje tenker konkurranse. Vi håpar òg at dette vil medføre god intern rekruttering til trenarar på sikt.

Vegen vidare

Som før synest vi at det er veldig kjekt at vi kan drive ein aktivitet som bind saman dei ulike bygdene i kommunen gjennom felles aktivitet.

I fjor jobba vi med ein eigen skilogo. Denne har vi tatt i bruk på premiar, klistremerke, noko materiell for trenarar og luer til utøvarane. Logoen er med på å beskrive den unge utøvaren, så sant som den meir erfarne. Førebels verkar dette som eit positivt og inkluderande tiltak.



Som vi innleia med så jobbar vi no med å balansere kvalitet og kvantitet. Når vi skal ha opp mot 140 stykk på dei mest populære kveldane gjennom heisen, så tar dette tid. Tid som går ut over aktiviteten. Vi håpar difor at idrettslaget saman med Sogn skisenter meir aktivt kan hjelpe til å bidra til utvikling av eit reelt friskianlegg. I Hafslo idrettslag er det nemleg alvorleg mange unge som er sjølvgåande på eit bra nivå om vi legg litt betre til rette for dei.

Fortsatt takk til

Alle utøvarane som blir betre og betre på ski. Foreldre og andre som er der på øktene, og bidreg med det meste. Styret i Hafslo IL som held eit grep om økonomien slik at vi kan drive med det vi kan. Sogn skisenter som legg til rette for aktiviteten. Luster sparebank som bidreg med støtte. Og ikkje minst trenarar og styret i alpint og friskigruppa. Om vi har gløymd nokon ber vi om orsak.

Vi er fortsatt svært nøgd!

Helsing

Lars Olav Halleråker, på vegner av Hafslo alpint og friski

Årsmelding fotballgruppa

Styret

Øyvind Åsarmoen Møller (leiar), Nils Petter Solheim (nestleiar og FairPlay-ansvarleg), Ann Kristin Torgersen (miniputtansvarleg), Tonje Grønstad (miniputtansvarleg), Åge Ruud (materialforvaltar) Norill Terese Norheim (dommaransvarleg og landslagsskuleansvarleg), Karita Nes (kioskansvarleg og Lerum Cup-nemnd), Tormod Tufte Tyssen (styremedlem), Jan-Erik Røneid (styremedlem)



Styret har hatt seks møte og handsama 23 saker i løpet av året. Me har også hatt samarbeids møte med IL Bjørn og Kaupanger IL for å få på plass samarbeidslag. Vegard Bondevik Lie og Norill Therese Norheim deltok på miljøhelga til kretsen i Førde 29. november–1. desember 2024.

Seniorfotball

Hafslo IL har hatt eit seniorlag i samarbeid med IL Bjørn og IL Fanaråk i 5., 6. og 7. divisjon for herrar denne sesongen (HBF 1, HBF2, HBF3). Joar Duesund, Johan Salveson, Joar Fossøy og Jone Fylling har vore trenarar for HBF1 og HBF2, og IL Fanaråk har styrt HBF3. Ove Midtbø og Hildegunn Øygard Hansen har samarbeidd om å vore lagleiarar for HBF1 og HBF2 i 5. og 6. divisjon, og har hatt godt samarbeid med dugnadsgjengen i Skjolden og IL Fanaråk om kampane som har vore avvikla der.

Samarbeidslaget har hatt ein fin sesong med 4. plass i 5. divisjon, 5. plass i 6. divisjon og 2. plass i 7. divisjon. Samarbeidslaget har gjennomført jamlege treningar både innandørs sidan januar, og utandørs når det vart klart for det. Det er mange spelarar som er med frå alle bygdene i Luster kommune og frå Sogndal, og samarbeidet mellom klubbane har vist seg å vere ein suksess for å halde aktiviteten i gong. Ekstra takk til Luster Sparebank og Eilert og Edvin Holme AS for sponning av nye, flotte og unike drakter for HBF1 og HBF2 denne sesongen. Samarbeidslaget Hafslo/Bjørn/Fanaråk er klare for ny sesong i 2025.

Det har også vore samarbeidslag for IL Bjørn/Hafslo for kvinner i 4. divisjon. Trass i nokon utfordringar med å stille lag til enkeltkampar, enda laget på ein flott andreplass i årets sesong. Det er viktig med eit tilbod også for senior kvinner i kommunen vår, og håpar dette vert ein realitet også komande sesong.

Aldersfastlagd fotball (10–17 år)

Me har hatt fem reine Hafslo-lag og fire samarbeidslag i aldersfastlagd fotball denne sesongen.

Jenter 10 år

Trenarar: Kurt Heggstad og Siri Liestøl Christensen

Lagleiar: Hanne Loen Stranden

Gutar 10 år

Trenar: Marius Sviggum

Lagleiar: Cathrine Nese

Jenter 11 år

Trenarar: Kurt Norheim og Kjell Arild Høyum

Lagleiar: Ann Kristin Torgersen

Gutar 11 år

Trenarar: Anja Renate Buskaker, Richard Nes og Jan Inge Engebø (keepertrenar)

Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

Gutar 12 år – samarbeidslag med IL Bjørn

Trenarar: Styrk Andre Hofslundsengen og Rune Opem

Lagleiar: Tonje Torgersen

Gutar 13–14 år

Trenarar: Kurt Heggstad og Robin Frichsen

Lagleiar: Ann Helen Aafedt Liljedahl og Mariska Solheim

Jenter 13–14 år – samarbeidslag med IL Bjørn

Trenarar: Ailen Ekrene og Espen Bolstad (IL Bjørn)

Lagleiar: Marte Meland (IL Bjørn)

Jenter 15–17 år – samarbeidslag med IL Bjørn og Kaupanger IL

Trenar: Bernt Aleksander Elle (IL Bjørn)

Lagleiar: Margrethe Sørhoel (HIL)

Gutar 15–17 år – samarbeidslag med IL Bjørn

Trenarar: Frode Kvalsøren (IL Bjørn)

Lagleiar: Hege Bjørnetun og Odd Johan Vigdal (IL Bjørn)

Miniputt (6–9 år)

Miniputtansvarlege: Ann Kristin Torgersen og Tonje Grønstad

Det er om lag 80 ungar i alderen 6–9 år som har delteke på treningar og turneringar for miniputtar gjennom sesongen 2024. Det vart arrangert turneringar i Lærdal, Aurland, Hafslo og Kaupanger. Hafslo har hatt mellom 12 og 14 lag påmelde på dei ulike turneringane denne sesongen

Gutar 9 år og jenter 9 år deltok også på frivillig seriespel gjennom sesongen.

Miniputtturnering på Hafslo 1. september

Det var påmeldt 78 lag og litt over 306 spelarar på turneringa. Turneringa starta kl. 10 og var ferdig kl. 15. Tema for turneringa var «miljøbevisst».

Det var ein flott og solrik dag i Moane med god aktivitet, mange flinke frivillige og gode attendemeldingar på arrangement og kampoppsett.

Miniputtliga

Jenter/gutar 6 år

Trenar: Elling Bjarneson Venjum

Lagleiar: Katrine Henden Nondal

Gutar 7 år

Trenar: Linda Tveit Beheim

Lagleiar: Stine Solvi

Jenter 7 år

Trenarar: Stian Haukås-Johansen og Jonny Ølnes

Lagleiar: Frida Josefine Malmrud

Gutar 8 år

Trenarar: Ole Johan Wangsvik

Lagleiar: Helen Wangsvik

Jenter 8 år

Trenar: Bente Helene Skildheim Nes

Lagleiar: Signe Rauboti

Gutar 9 år

Trenar: Joar Sørhoel

Lagleiar: Sandra Nesse Sørhoel

Jenter 9 år

Trenarar: Jan Inge Engebø og Ann Kristin Torgersen

Lagleiar: Olav Høyheim Einan

Sone/kretslag

Hafslo IL har hatt fleire spelarar med på sone og kretslag denne sesongen:

- Storsone G12: Trym Tufte Tyssen og Mohammed Aref
- Sone G 12: Trym Tufte Tyssen
- Sone G 13: Levian Ullebø Frichsen
- Kretslag G14: Mathias Sjølie Af Geijerstam

Lerum Cup 2024

Det vart arrangert Lerum Cup i Moane 21.–24. juni. Det var mange frivillige i sving denne helga og me takkar alle for innsatsen. Spesielt ein stor takk til dei som deltek med dugnad og ikkje har born som er med i idretten. Det var mykje god aktivitet, og Hafslo IL hadde fem påmelde lag til turneringa. Dei andre laga som var med på turneringa var J10, G10, J11, G11 og G12.

Norway Cup 2024

To hafslolag deltok på årets Norway Cup: G14 og samarbeidslaget IL Bjørn/Hafslo G15. G14 vann fire kampar på rad i B-sluttspølet og kom heilt til kvartfinalen, der dei tapte 1–3 mot Blindheim. Samarbeidslaget G15 imponerte i gruppespølet og kom til A-sluttspølet. Der møtte dei Varegg i 32-delfinalen. Denne vart avgjort med straffesparkkonkurranse, som IL Bjørn/Hafslo dessverre tapte. Flott innsats av begge lag!

Dommarar

Norill Terese Norheim har hatt stilling som jentedommaransvarleg i fotballkretsen. Det vart gjennomført klubbdommarkurs i vår med gutar og jenter fødd i 2010 frå både IL Bjørn og Hafslo. Norill var kurshaldar. Klubbdommarane har gjort ein formidabel innsats på kampane i Moane og på kunstgrasbana denne sesongen, og fortener stor takk!

- Theo Opem Moen har dømt 16 kampar i debutsesongen i kretsen!
- Vegard Bondevik Lie har hatt 15 dommaroppdrag i kretsen.
- Oda Bjelde har hatt 3 dommaroppdrag i kretsen.
- Norill Terese Norheim har hatt 6 rettleiaroppdrag i kretsen.
- Hasan Khaled Qabalan, Even Kjos Liljedahl og Benjamin S. Eikum tok rekrutteringsdommarkurs i haust.

Oppsummering

Det er god aktivitet i fotballen på Hafslo, og me har eit godt samarbeid med IL Bjørn. Me vil takke alle foreldre, trenarar og andre ressurspersonar, sponsorar og samarbeidspartnerar som bidreg til at dette let seg gjennomføre. Me er heilt avhengige av dykk for å kunne gje det tilbødet me har.

Det er mange flotte born og unge i idrettslaget som kosar seg med fotballaktivitet gjennom ein fotballsesong. Me fekk arrangere Lerum Cup med god aktivitet i Moane gjennom helga. Ein ekstra stor takk til alle dugnadsfolka som gjorde årets cup til tidenes overskot!

Hafslo Idrettslag vil spesielt takke Norill Therese Norheim for den store innsatsen ho har gjort i fotballgruppa gjennom mange år!

Årsmelding barneidrett

Styret

Ida Ur Haugen (leiar), Anne Øvretun Ølnes, Lene Madsen



Ida tok over som leiar i januar. Frida gjekk ut. Anne og Lene blir med vidare. Lene har tek på seg ansvaret for småbarnstrimmen.

Avslutning for skikarusellen

Me hadde ei vellykka avslutning for skikarusellen 8. april. Det var 75 påmeldte barn. Melanie frå skikrinsen kom og rigga opp utstyr, og det blei bestilt ca. 90 pokalar. Me serverte pølser og fiskeburger frå tønnegrill på skisenteret til kvelds. Der gjekk det med 150 pølser, 65 fiskekaker, 112 pølsebrød, 30 lomper, 60 hamburgarbrød, 4 agurkar, 2 pakkar sprøsteikt løk, 2 store boksar mais. Me hadde 1 hamburgardressing, 2 ketchupflasker og 1 sennep. Ida og Anne møttest i forkant planla gjennomføringa.

Vår og sommar

Etter ein aktiv vinter vart det ein roleg periode for oss mot sommarferien. Me har mange engasjerte foreldre i bygda som er flinke å møte opp på arrangementa våre, så dette var eit bevisst val. Småbarnstrimmen gjekk som normalt til 24. april.

Oppstart etter sommarferien

På friidrettsdagen 19. september møtte det opp 30 barn. Denne vart arrangert i samarbeid med trimgruppa.

Løp for meg i Hafslo sentrum 29. september

Det var over 100 deltakarar, og me samla inn 28 000 kr til Barnekreftforeningen. Det var sal av smoothie, kake, saft og kaffi. I tillegg hadde me loddosal og tippekonkurranse.

Halloweentrimmen

Det var 74 påmeldte ungar på halloweentrim. Ungane kledde seg ut, og det var dans og trim i gymsalen, før ungene fekk banka på dørene der og sjå om det gøymde seg godteri bak. Dette var eit tilbod til barnehageungar og 1. klasse.

Kanonballkveldar

Småbarnstrimmen har vore kvar veke, utanom i feriar og høgtider. I tillegg har det vore tilbod om kanonball for ungar i 1.-7. klasse nokre gonger både før og etter sommaren.

Infomøte i Moane 16. januar 2025


Me hadde eit møte for å informera potensielle nye i gruppestyret om kva barneidrettsgruppa er. Lene, Anne og Ida hadde eit planleggingsmøte på Zoom i forkant.

Ida Ur Haugen
leiar i barneidrettsgruppa

Årsmelding trimgruppa

Styret

Terje Brunborg (leiar), Monica Heggstad, Kjell Arild Høyum, Ragnhild Borge Olsen



Volleyball

Det har vore tilbod om volleyballtrim gjennom heile året. Det var variabelt oppmøte på våren, og jamleg trening på hausten. Det har vore ca. 25 ulike personar innom. Gruppa har ei aldersspreiing frå 20 til 68 år. Frå 2024 gjaldt også tilbodet for menn.

Idrett for alle

Gruppa hadde i år sju utøvarar, tre hovudinstruktørar og åtte medhjelparar.

Det vart gjennomført treningar annankvar torsdag i periodane januar til påske og haustferie til jul. Treningane er leikprega der deltakarane blir førebudde på øvingar i blant anna Løveleikane og Byrkjelo-leikane. Det vart arrangert avslutning før sommaren og før jul. Idrett for alle er med i supersatsinga til Vestlandet idrettskrins.

Grunntrening til musikk

Katrin Læg Reid Nes starta tilbodet grunntrening til musikk i gymsalen i 2023. Dette er styrke og uthald med enkle steg. Treningane har vore på måndagar (sirkeltrening) og torsdagar. Aktiviteten er for alle frå 14–15 år og oppover. I haust har det vore 6–22 personar på treningane, i alderen 18 til 60 år.

Hafslotrimmen

Dette er den største jobben for trimgruppa. Trimgruppa har 25 postkassar med trimbøker, og bruker også appen «Trimpoeng» til digital registrering. Postane har vore godt besøkte. Over 70 deltakarar er registrert per januar 2025. 11 personar fullførte Trimmian (23/24-sesongen). I 2024 fekk åtte born premie for å ha registrert minst 150 poeng, og me hadde 19 vaksne som i tillegg var med i uttrekk av fem deltakarpremiar.

Idrettsmerket

Trimgruppa tilbyr idrettsmerkedeltaking til medlemmane. To nytta seg av tilbodet i 2024: Per Birger Lomheim og Astrid Veum. Astrid fekk utdelt diplom og premiar i samband med at ho gjennomførte idrettsmerket for 60. gang i 2023.

Stifaddergruppa

Stifaddegruppa er eit samarbeid mellom trimgruppa, Hafslo bygdelag (administrator) og Hafslo sogelag. Bjarne Venjum er koordinator og gjer ein flott jobb for å holda arbeidet i gang. Gruppa starta opp hausten 2018 og har no fungert i seks år. Ein god del stiar er merka og rydda. Gruppa har fleire stiar på planen, og dei stiane som er rydda og merka må haldast ved like. Trimgruppa stiller med sju stifadderar, som har jobben så lenge dei vil.

Stolpejakt

Stolpejakta er leia av Luster kommune, og trimgruppa har tatt ansvaret for området Hafslo/Solvorn. Stolpejakta har vore eit populært tiltak, og stolpane i Luster vart godt besøkte. I Hafslo/Solvorn var det 9088 besøk. Det er planlagt oppstart av ny stolpejakt 1. mai 2025.

For trimgruppa
Terje Brunborg

Årsmelding handballgruppa

Styret

Monika Reime



Det er gledeleg å sjå at handballgruppa i Hafslo IL er i vekst. Denne hausten har totalt 46 barn og unge i alderen 6–15 år delteke i handballaktivitet. Dei fleste kjem frå Hafslo, men vi har òg spelarar frå Solvorn og Sogndal. Vi har tre aktive lag. Det er eit J15-lag som spelar seriekampar for Bjørn, men som no har berre spelarar frå Hafslo, Solvorn og Sogndal. I august deltok desse jentene med to lag på Extra cup i Førde, under lagnamnet Hafslo-Bjørn. Det eine laget spela med Hafslo-drakter og det andre laget med Bjørn-drakter. Elles er dette laget eit aktivt lag med ivrige jenter. I løpet av året har dei delteke både i seriespel, turnering i Stryn og i temaserie med kampar både i Sogn og Bergen. I haust har denne gjengen berre hatt treningar i Gaupne, då dei må spele med klister.

J9 er eit reint Hafslo lag og har treningar i gymsalen Dei har delteke på minihandballturneringar på våren (fire turneringar), og i haust med seriespel – tre serierundar, der den eine vart arrangert i Gaupne med flott dugnadsinnsats av foreldre. J9 må spele kampar i Gaupne, då gymsalen ikkje er tilrettelagt for kortbanehandball.

Vi har i haust også hatt treningar for jenter og gutar i 1.–3. klasse i gymsalen. Nokre av desse var også med på handballsosongen 23/24. I alt har 21 barn vore innom på desse treningane. Dei har ikkje spelt turnering enno, men det er kjekt å sjå at så mange av dei yngste også finn interesse for handball.

For handballgruppa

Monika Alvestad Reime

Årsmelding langrennsgruppa

Styret

Terje Fardal, Irene Barca Fardal, Per Fridolf Hillestad



Trening og aktivitet

Dette er det første året (halvt år) langrennsgruppa er med som aktiv gruppe igjen etter nokre år utan. Me har ikkje komme i gang med noko organisert aktivitet denne første hausten/vinteren, men satsar på at me i løpet av kommande vinter får litt betre oversikt over interessa frå både ungar og vaksne slik att me har eitt opplegg klart til neste vintersesong.

Me var med hoppgruppa og arrangerte langrenn under KM kombinert sist vinter og skal arrangera sonerenn i langrennscross på Heggmyrane 12. januar 2025.

Anlegg og dugnad

Gjennom vedtak frå hovudstyret har me fått ordna med innkjøp av ny rulle med sporsettar og scooter (kjøpt brukt av Luster Røde Kors). Plan er at så fort isen på vatnet har lagt seg og er trygg vil me halde open skiløype på isen og i delar av den gamle lysløypa ved skulen. Slik kan fleire komma seg ut på ski, og det blir lettare for skulen å ha skiaktivitet i skuletida. Me har òg tenkt å køyra ei lita rundløype og akebakke ved begge barnehagane i bygda, etter ønske frå og i samråd med dei.

Elles har gruppa gjort ein god del dugnadsarbeid ved skisenteret på Heggmyrane ved å hjelpa til med og pusha litt på prepping av langrennsløypene. Me har blant anna måka ein del snø og rydda vekk ein del kvist i traseen for å få forbindelse frå lysløypa opp til øvre del ved Sønnesyn. Me har også køyrt spor med scooter og sporslede før det vart nok snø til trakkemaskin.

For langrennsgruppa
Terje Fardal